



Notat

Dato: 08.02.2019
Arkivsak: 2015/2934-35
Saksbehandlar: evataul

Til: Utval for kultur, idrett og regional utvikling

Frå: Fylkesrådmannen

Tillegg til PS 21/19 Fråsegn til høyring av arealdelen av kommuneplanen for Vaksdal kommune

Ved ein feil er forslag til vedtak pkt. 4 i saksframstillinga ikkje korrekt.
Under følgjer rett forslag til vedtak:

4. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner arealdel 2018 – 2030 av kommuneplan for Vaksdal kommune er i konflikt med regionale og nasjonale kulturminneinteresser. Det knytt motsegn til fylgjande punkt:
 - I. Vaksdal kommune må retta opp kart ved Dalegarden med omsyn til manglande kulturminnemarkering id 238862. Motsegn vert trekt når kommuneplankartet er retta opp.
 - II. Hordaland fylkeskommune ber Vaksdal kommune sikre kulturminne som er nemnd i kulturminneplanen. Desse må visast i kart som omsynssone H570 knytt til føresegner og retningslinjer. Motsegn vert trekt når kommuneplankartet er retta opp.
5. Utval for kultur, idrett og regional utvikling har særlege kulturminneglede merknader til KPA:
 - I. Det er ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i kommuneplanen sitt arealdel. Hordaland fylkeskommune må ta etterhald om automatisk freda kulturminne i samband med nye bygggeområde, spreidd busetnad og næring inn til undersøkingsplikta etter §9 i kulturminnelova er oppfylt og tilhøvet til automatisk freda kulturminne er avklart.
 - II. Fornminna id 66545, 215630, 25652 og 6091-1 er fornminne som har lagt i ei større klynge av kulturminne. Hordaland fylkeskommune vil rå til at eit samanhengande areal rundt desse får lagt til omsynssone H570.
 - III. «Eksingedalen kyrkjested (id 84 083) og Stamnes kyrkjested (id 85543) er automatisk freda. Det er ikkje tillate å gjere tiltak som kan virke inn på den automatisk freda kyrkjesteden med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til

gravlegging. Gravminne som er eldre enn 60 år skal ikkje bli flytta eller fjerna utan at kulturminnemyndighetene er gitt høve til å komme med fråsegn. Ein eventuell søknad om løyve til inngrep eller tiltak so m kan ha innverknad på kulturminnet skal bli sendt rette kulturminnemyndigkeit i god tid før arbeidet er planlagt sett i gang. Kostnadar knytt til nødvendige undersøkingar skal belastast tiltakshavar, jamfør kulturminnelova § 10.»

- IV. «Vegfaret Dalseid - Eidslandet er statleg listeført. Innanfor omsynssona skal det ikkje etablerast tiltak som kan forringje kulturminneverdien. Vegen skal bevarast uendra eller førast tilbake til opphavleg utføring i tråd med dokumentasjon og i samråd med kulturminnestyresmakt. Mindre endringar kan berre tillatast etter ei kulturminnerefagleg vurdering hos kulturminnestyresmakt».
- V. Hordaland fylkeskommune ber om at føresegner og retningsliner i kommuneplanen sikrar at areal som gjeld utfylling i sjø vert sendt Hordaland fylkeskommune til fråsegn.
- VI. Hordaland fylkeskommune ber om at punkt 1.6.2 i føresegner og retningsliner justerast til: «Verneverdige einskilde bygningar, kulturmiljø og andre kulturminne skal takast vare på som bruksressursar og setjast i stand.»
- VII. Hordaland fylkeskommune ber om at Vaksdal kommune gjennomfører ei kulturhistorisk analyse av stasjonsbyane Vaksdal, Stanghelle og Dale.